



Promenaden Eiendom AS  
Kvernhusmyrane 7  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1480 - 15/27442

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
24.08.2015

## Ber om tilbakemelding vedkomande framdrift på innstallering av fettutskiljar - gbnr 188/534 - Jumjum Promenaden

Teknisk drift ved avdeling for vatn og avlaup syner til vårt brev, datert 18.05.2015, vedkomande pålegg om innstallering av fettutskiljar ved Jumjum i Promenaden.

Frist for innstallering av fettutskiljar ved Jumjum nærmar seg (jf. brev av 18.05.2015). Teknisk drift har, per dags dato, ikkje motteke søknad med berekningsgrunnlag for val av størrelse på utskiljaranlegg frå røyrleggar. Vi vil derfor minner om at anlegg skal godkjennast av Teknisk drift før innstallering.

Teknisk drift ber no om ein framdriftsplan for innstallering av fettutskiljar. Frist for tilbakemelding vert sett til: **Måndag 31. august 2015.**

Dersom tilbakemelding uteblir, vil Teknisk drift kalle Dykk inn til møte.

Når anlegg er installert skal røyrleggar sende inn ferdigmelding. Ferdigmelding skal sendast inn elektronisk. Skjema for ferdigmelding finn ein på kommunen sin heimeside. Med ferdigmeldings skal det leggest ved «As built» teikningar av anlegg og tømmeavtale med godkjent tømmefirma.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Jumjum



**Mottakarar:**

Promenaden Eiendom AS

Kvernhusmyrane 7 5914

ISDALSTØ